

# MØTEBOK - TITTELARK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
13.06.2019

---

### **Tilstades på møtet**

**Medlemmer:** Svein-Tomas Villanger, Anita Bakke, Inger Synnevåg, Britt Leikvoll Ystebø, Arne Lerøy, Anny Berthelsen, Bjørn Helge Olsen, Helge Dyrkolbotn, Rune Minde.

**Varamedlemmer:** Ingen av varamedlemmene kunne stilla.

**Andre:** Kommunal representant :  
Kyrkjevevjerje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Sylvelinn Fonnes, Einar Austrheim, Kjell Dahle og kommunal representant Anne Dahle Austrheim. Fekk ikkje svar frå vara til kommunal representant.

**Saker til førehaving:**  
F – 16/19 – F – 19 /19

**Til møtet var medlemmer skriftleg innkalla.**

### **Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 16/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

F – 17/19 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

*Svein-Tomas Villanger og Anita Bakke.*

F – 18/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 02.05.2019:

Framlegg til vedtak:

*Møteboka frå 02.05.2019 vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

*Møteboka frå 02.05.2019 vart godkjent utan merknader.*

F – 19/19 ORIENTERINGSSAKER:

- Orientering om framdrifta for utbetring av bærekonstruksjonane i kyrkja.

Sagt i møtet: *Soknerådet tok orienteringa til vitande. Tilrår at det vert kjøpt inn ein vindmålar, med tanke på tilrådinga om å stengja ved for sterk vindstyrke.*

# MØTEBOK - TITTELARK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
13.06.2019

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:** Svein-Tomas Villanger, Anita Bakke, Inger Synnevåg, Britt Leikvoll Ystebø, Arne Lerøy, Anny Berthelsen, Bjørn Helge Olsen, Helge Dyrkolbotn, Rune Minde.

**Varamedlemer:**

**Andre:** Kommunal representant :  
Kyrkjeverje: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kine Lerøy, Sylvelinn Fonnes, Einar Austrheim, Kjell Dahle og kommunal representant Anne Dahle Austrheim. Fekk ikkje svar frå vara til kommunal representant.

**Desse møtte ikkje:**

Saker til førehaving:  
Soknerådssaker: S- 13/19– S 16/19

Jostein Hauge var tilstades og orienterte om konfirmantopplegget på sak 15/19.

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 13/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.***

S – 14/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 02.05.2019:

Framlegg til vedtak:

*Møteboka frå 02.05.2019 vart godkjent utan merknader.*

**Vedtak:**

***Møteboka frå 02.05.2019 vart godkjent utan merknader.***

S – 15/19 ORIENTERING OM INNHALDET I KONFIRMANTÅRET

Jostein Hauge vil gå gjennom innhaldet i konfirmanttilbodet og leggja fram eit førebels utkast, slik det allereie er drøfta i staben. Temaet vert med dette teke opp og drøfta i soknerådet for ytterlegare innspel. Staben ønskjer å drøfta innhaldet i konfirmanttilbodet særskilt med Gunn Håland Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim på eit eige møte før ferien.

Soknerådet har tidlegare gitt uttrykk for at ein ønskjer ei fornying av innhaldet i konfirmanttida og få vurdert om ein i større grad kan reindyrka opplegget til Kristuskransen og kjent littertur som har tilpassa denne til norske forhold. Staben tenkjer også det er eit passende tidspunkt å gjera denne vurderinga no, all den tid vi får inn ny sokneprest og ny trusopplærar.

*Sagt i møtet: Soknerådet gav positiv tilbakemelding på Jostein Hauge sin presentasjon. Ein er glade for at administrasjonen har tatt opp i seg dei signala som tidlegare har blitt gitt om i større grad å reindyrka innhaldet i Kristuskransen. Det vart også oppfordra til at dette gjerne vil medføra meir innsats av friviljuge i konfirmantundervisninga.. Justeringa av samtalegudstenesta, slik at den no får eit gudstenestepreg (mot at den for nokre år sidan var meir utforma som ei framsyning på samfunnshuset) vart tatt godt imot.*

S – 16/19 DIVERSE AVGJERDER I SAMBAND MED KYRKJEVALET.

Framlegg til vedtak:

*Austrheim sokneråd, som er valstyre for kyrkjevalet 2019, avgjer følgjande i samband med kyrkjevalet 9.september 2019:*

*Med heimel i § 4-2 i kyrkjevalsreglane, gir soknerådet/valstyret AU fullmakt til å oppnemna stemmestyre for vallokala for Austrheim/Årås krinsen og Kaland krins. Lokalitetane vert lagt i tilknytning til lokalitetane for kommune og fylkestingsvalet og følgjer dei same opningstidene som er for dette valet.*

*Med heimel i § 9 -1 i kyrkjevalsreglane skal førehandsrøysting gå føre seg på denne måten:  
Førehandsrøysting går føre seg på kyrjekontoret i Austrheim tysdagane 13. 20. 27. august, samt 3.september i den definerte opningstida mellom kl 10.00 og 14.00. Det skal til ei kvar tid vera 2 valfunksjonærar tilstades som kan bistå ved førehandsrøystinga. Valfunksjonærar kan vera kyrkjeverja eller andre tilsette ved kontoret og/eller dei som AU etter fullmakt peikar ut til denne oppgåva.  
AU får fullmakt til å organisera førehandsrøysting på Nordliheimen i samarbeid med kommunen og ved gudstenesta i Austrheimkyrkja 1.september kl 11.00.  
Ordninga med førehandsrøysting skal gjerast kjent i lokalpressa og elles på Austrheimkyrkja si heimeside.*

**Vedtak:**

***Austrheim sokneråd, som er valstyre for kyrkjevalet 2019, avgjer følgjande i samband med kyrkjevalet 9.september 2019:***

*Med heimel i § 4-2 i kyrkjevalsreglane, gir soknerådet/valstyret AU fullmakt til å oppnemna stemmestyre for vallokala for Austrheim/Årås krinsen og Kaland krins. Lokalitetane vert lagt i tilknytning til lokalitetane for kommune og fylkestingsvalet og følgjer dei same opningstidene som er for dette valet.*

*Med heimel i § 9 -1 i kyrkjevalsreglane skal førehandsrøysting gå føre seg på denne måten:  
Førehandsrøysting går føre seg på kyrjekontoret i Austrheim tysdagane 13. 20. 27. august, samt 3.september i den definerte opningstida mellom kl 10.00 og 14.00. Det skal til ei kvar tid vera 2 valfunksjonærar tilstades som kan bistå ved førehandsrøystinga. Valfunksjonærar kan vera kyrkjeverja eller andre tilsette ved kontoret og/eller dei som AU etter fullmakt peikar ut til denne oppgåva.  
AU får fullmakt til å organisera førehandsrøysting på Nordliheimen i samarbeid med kommunen og ved gudstenesta i Austrheimkyrkja 1.september kl 11.00.  
Ordninga med førehandsrøysting skal gjerast kjent i lokalpressa og elles på Austrheimkyrkja si heimeside*

***Samrøystes vedtak.***

**Bakgrunn:**

Som kjent er det soknerådet som er valstyre for det kommande kyrkjevalet 9.september. Ifølgje kyrkjevalsreglane §§ 4 -1 og 4 -2 er det valstyret som oppnemner stemmestyrene. Det skal opprettast stemmestyre der det ved valet er fleire enn eitt vallokale i soknet. Stemmestyrene har ansvaret for kyrkjevalet

i sine respektive vallokale. Stemmestyra bør ha minst eitt medlem kvar som også er medlem av valstyret/soknerådet.

Kommunen har dette året redusert røystelokala frå 3 til 2 og at sjølve valet går føre seg måndag 9.september mellom kl 14.00 og 21.00. All den tid kyrkjevalet følgjer parallelt med kommunevalet, er det naturleg at kyrkja sine vallokale også vert redusert frå 3 til 2 røystelokale. Ut frå dei opplysningane som kyrkjeverja har fått skal kommunevalet 2019 gå føre seg i Austrheimhallen og på Kaland skule. Kyrkjeverja har vore på synfaring begge stader. Vi har fått tildelt vallokale på musikkrommet på Kaland skule og på Ungdommens Hus, i tilknytning til Austrheimhallen.

Kapittel 9 i kyrkjevalsreglane, regulerer dette med førehandsrøysting. Førehandsrøysting skal kunna gå føre seg i opningstida på dagtid og vert bestemt av valstyret. Førehandsrøysting kan gå føre seg frå og med 10.august og fram til fredagen før valdagen, det vil seia 6.september. Kyrkjeverja har fått opplyst at det ved førehandsrøystinga skal vera minst 2 valfunksjonærar til stades. Dette vil kunna medføra noko reduksjon i tidsromma for førehandsrøysting, så sant ein ikkje aktivt peikar ut kandidatar på vallista, som har høve til å vera stemmemottakar på dagtid. I same kapittelet vert det oppfordra til at det går føre seg førehandstemming på institusjon og i samband med gudstenester. Om det skal leggjast til rette for førehandstemming i ei gudsteneste vil dette for Austrheim sitt tilfelle gå føre seg søndag 1.september.